

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haram.

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva.

G.nr. 7, Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Diverre er Haram fatig paa instrument, naar det gjeng fraa fele, orgel, gitar og trekkspel.

Mest endaa fatigare er det paa instrumentmakarar, naar ein tek undan orgelbyggjar Vestre, Haramsøy.

Det eg her skriv kjem soleis til aa verta reint aalment. No er det ikkje so at folk her ikkje hev interessa for Musikk. Langt ifraa. I rett mange heimar finst orgel.

Fela hev vore hovudinstrumentet fraa gamal tid til brudlaup og festar.

Fraa eg var liten minnest eg godt gamle Per Bolstad, Aalesund. Han var far til Per Bolstad som no lever og farfar til den unge vonfulle felespelaren Per Bolstad som døydde for nokre aar sidan. Gamle Per Bolstad var ein framifraa felespelar som til med laga slaattar sjølv. Han og Knut Almaas (også fraa Aalesund) var jamnt ilag og spela i brudlaup her i bygdene. Almaas spela klarinett. Det var herleg musikk, for baee spelemennene kunde bruka sine instrument. Me smaagutane totte det stod til, naar me fekk staa framfor deim og halda notebledi med dei spela.

So uppsett var folk paa aa faa desse spelemennene til brudlaupet sitt at dei sette brudlaupstidi so som det høvde for Bolstad og Almaas aa kunne vera med.

Bolstad brukte vanleg tysk fele med 4 strenger . Der AA
er denne fele som er mest kjend og einast brukt i mine
bygder. Det var brukt kjøpte tarmstrenger. I seinare tid
er meir brukt staaikvint. Bolstad vilde ikkje ha anna enn
tarmstrenger.

Lambur Nils Strømmen fraa Skodje kann og nemast. Han
tok romet etter Bolstad som felespelar i brudlaup her.
Han og brukte tyskefele. Ho er so velkjend at det trengst
truleg ingen nærare uttale av henne.

Til skulebruk var mest brukt salmodikon ei tid. No er det
fele og aller mest orgel til det bruk.

I seinare aar kom gitaren mykje i vinden, serleg i religi-
øse oppbyggingsmøte.

No er - diverre hadde eg nær sagt - trekkspellet mest ei-
nersadande saman med grammatonen baade i brudlaup og fes-
tar. Dette ser eg som ein nedgang.

Munnspellet var brukt ei tid, men mest av born.
Av larminstrument er kjend berre kraskesmalla til aa
skremsa hestar og krasaker fraa byen.

Baade trekkspellet og grammatonen førde med seg ny musikk
til bygd, like til jazz.

Den gamle springaren t.d. er det snart ingen som korkje
kann spela eller dansa. Skal det verta grein pas den, ma
den spelast pas fele.

Som ein ser hev eg lote teke det "jver ein bank" Men
naar det ikkje er frakkare, so er det ikkje meir aa gjera
ut av det.

NORSK FOLKEMUSEUM

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY